

# BRIMISÆTER

KULTURARV I PRAKSIS



YSTERI MAT DYR OPPLEVING





## YSTERIET

Ysting er eit handverk som dei gamle budeiene la all si sjel i, og som var viktig for økonomien på garden. Vi har lært den gamle ystinga av budeia vår Embjørg på snart 80 år. I det nye ysteriet vårt lagar vi rømme, smør, kjuke (pultost) og kvitost. Ysteriet er bygd slik at du kan følgje heile prosessen frå mjølking til ysting og ost på lager gjennom store vindauga. Vi har også eige utsalg av eigne og andre sine produkt.

## VELKOMEN TIL FJELLS!

Brimi Sæter har vore i tradisjonell drift så lenge folk kan hugse. Gamle sæterstugu er truleg frå 15-1600-talet, og har gjennom tida husa både budeier, tenestefolk, hulder og tussefolk. Vi mjølkar kyrne to gonger om dagen, og foredlar mesteparten sjølv. I tillegg til kyrne har vi med høner, gris, geitkillingar, hund og katt. Hå oss får du oppleve og lære om den rikdomen livet på sætra har å by på.

Helsing Marit, Ola og Hans





## SESONG

Utsalget vårt er ope heile sommaren. Ystinga foregår tidleg på dagen, for den som ynskjer å sjå på. Vi har ikkje bestemte åpningstider. I perioder har vi salg av kaffe og mat. Sesongen på sætra er frå ca 25.juni til 20. september, men vi kan også ta arrangement og selskap resten av året. Ta kontakt. I slutten av juli er vi med og arrangerar "Gardmillom", med ulike arrangement på 12 gardar i heile Gudbrandsdalen.

Sjå vår heimeside på [www.brimi-seter.no](http://www.brimi-seter.no)

## MAT OG OPPLEVING

På den gamle høylåven kan vi dekke langbord til ca 60 gjestar, halde konsertar og låvefest. Vi har 20 sengeplassar fordelt på briskar, senger og sovesofaer. Vi serverer mat frå sætra i spennande kombinasjonar med anna mat frå regionen. Felespel og historier om huldra høyrer med når du kjem til oss. På bestilling kan vi tilby ulike aktivitetar for mindre grupper.

Vi ynskjer både private selskap og firmagrupper velkomen til ei spesiell oppleving hjå oss.



# BRIMI SÆTER

Hans Brimi & Ola Rune Tangvik

2685 Garmo

Tlf + 47 911 37 558 +47 905 00 870

[www.brimi-seter.no](http://www.brimi-seter.no)

[post@brimi-seter.no](mailto:post@brimi-seter.no)

Samarbeidspartnaranar:

[Gardmillom.no](http://Gardmillom.no) [Brimiland.no](http://Brimiland.no) [Hesttilfjells.no](http://Hesttilfjells.no)

Avstand til:

Brimi Fjellstugu: 200 m

Lom: 25 km


Vågå: 15 km

Otta: 45 km

Oslo 350 km

Trondheim 300 km

Bergen 380 km



[WWW.BRIMI-SETER.NO](http://WWW.BRIMI-SETER.NO)

